

Jul i framand hamn Ras Tanura

Dagboka 24. desember 1949

Surt og rått, trist og grått,
Kosmos siger seint og trått
mot Ras Tanura hamn.
Julekveld og klokka fem
inntil bryggja her me kjem,
folk i slit frå hekk til stamn.

Trist i hug, i barmen sug,
ser eg på den svarte mug
som slavar der på land.
Kva er jul for, dette pakk?
Kjeft og herjing, ingen takk,
eit slit med kropp og hand.

Utan hast, tek Kosmos fast
og så er me klar å ta vår last.
Men først så er det julekveld.
Gutta kastar skiten ham,
leitar snipp og skjorte fram,
svint og snapt som galdt det eld.

Jul om bord – eit slite ord
i alle juleblad på jord.
Aldri før eg tenkte på
dei som ikkje kunne nå
heim til kone, far og mor.

Høgtidsamt – litt stivt og stramt,
samlast folket jamt og samt,
helsar glad god jul, god jul.
Gull og snorer etter rang,
ein er liten, ein er lang –
alle helsar stivt – god jul!

Bordet står dekt og får
lengten fram i hugen vår,
prydt med raudt og kvitt og blått.
Tanken sviv til heim og viv
til eit heimleg joleliv,
trass i at kalkun er flott.

Etterpå kan me gå
til salongen ovanpå.
Så kjem Athos' folk ombord –
Vesle Inga med si mor.
Ja, dei liver storleg opp
i den barske mannehop.

Så vert julereet tendt,
julebarnet stirer spent
på den gilde glans og skrud.
Så vert ring kring treet knytt,
eit stykke Noreg som er flytt
frå is og snø – til sol her sud.

Tekst: Johan Bernt Ulla